



Snart vert det mange små fine sauefamiliarar å sjå på bøane rundt i Uskedalen.

Vi er midt inne i den mest hektiske lembingstida, og etter ein telefonrunde kan eg slå fast at sauebøndene i bygda er fornøgde med resultata så langt. Når det gjeld lammetal pr. søye, er det ingen som meiner det har vore for lågt, men eg skjørnar på einskilde at dei har såpass høgt tal at dei synest det vert rikeleg mange koppelam, eller heimelam, som vi også seier.



Nyfødde femlingar på Kjærland gard i 2013

Det er litt ulikt kor tidleg dei startar lembinga rundt på gardane. Det avheng mellom anna på tilgang til heimebeite, og kor tidleg ein kan få sleppt sauene på fjellbeite. Hos Abjørn Høivik og Margunn Eik på Kjærland gard fekk dei siste lamma for 2-3 dagar sidan, og dei er godt fornøgd med lammetalet som er om lag 2,4 i snitt pr sau.

Dette året har dei hatt god hjel i lembinga då dei har installert eit enkelt overvakningskamera. Dette er også kopla til mobiltelefonar, og ved hjel av fingerbevegelse på mobilskjermen kan ein styra retningen på kamera i sauehuset. - Det er eit heller billeg kamera som eg fann på komplet.no, men jammen har det spart oss for mange nattlege turar over gardsplassen, kan Høivik fortelja, svært tilfreds med nyvinninga. Dei ventar no på å få sleppe sauene ut på heimebeita medan dei har sommarbeite i Blådalen.

Også hos Lars Haugland er dei snart i mål med årets lembing. Sonen Johannes Haugland kan fortelja at dei berre har 3 sauere att. Om lammetalet seier han at det heller har vore litt for mykje enn for lite. Dermed vert det nokre flaskelam. Om sommaren har dei sauene heime på utmarksbeitet, og der gjer dei ein god jobb med å 'pussa' beitet.

På Øvre Musland fortel Andreas Kristoffersen om ein god start. Til no har dei fått 80 lam, og dei ventar at dei endar på 220-230 lam. Slik det ser ut ligg det an til at dei kjem til å ha 20-25 kopplam. Dei har sauene i beite i Nordrepollen, og det er dei svært fornøgd med. Beitet ligg på 400 - 1000 moh, og dei første sauene som vert sleppt lågast, vert venteleg sendt til beite i månadsskiftet mai/juni.

Også Ivar Kåre Døssland kan rapportera om ein god start når om lag halvparten har lemba, med mykje trillingar på dei vaksneøyene. Også fjarårslamma har fått godt med lam. På Døssland vert det også ein god del flaskelam. Han har sommarbeite på Ulvanåso, og er svært nøgd med resultatet han har fått derfrå om hausten dei seinare åra.



Tre fine eksemplar.

Hos Steinar og Cathrine Haugland nærmar det seg også halvvegs. Starten har vore grei med litt småplunder, men det jamnar seg alltid ut. Dei har fått rikeleg med lam. Nokre øyer har 3 lam med seg på beite om dei har godt med mjølk, men det vert ein del flaskelam også på Haugland. Dei pleier å starta lembinga litt seint. Dei håpar at dei får sleppt dei på beite litt tidlegare enn i fjor då dei måtte venta til byrjinga av august. Dei køyrer dei til Røldal og driv dei til Valldalen der sauene får svært gode beite.

Den største sauebonden her i distriktet, Olav H. Bringedal, er inne i ein travel periode saman med sambuar Ragnhild Tennebekk Bjørke og medhjelparane. I løpet av vel 1 døgn kom 50 lam til verda sist helg. Då går det unna!! På 20 dagar er det no kome 300 lam, og dei ventar rundt 130 til. Olav fortel at dei har 12 forskjellige

heimebeite før sauene tilbringar sommaren i Eikedalen(ca.100), Bjørnebøle(mesteparten) og heime(ca.100). Dei gjennomfører at ingen søyer har med seg meir enn to lam, så då vert det ein del kopplam.

Det er mykje sau rundt på gardane i Uskedalen. Og ut frå utvalet vi har vore i kontakt med no i den travlaste tida, står det riktig bra til. No ser vi fram til skikkeleg vår, høgare temperatur og spretne og sprekske sprett frå dei fine lamma rundt om på bøane.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland. Foto:
Anbjørn Høivik.